

## Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Sveinung Toft	FA - S11	14/800

<b>Saknr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
114/2014	Formannskapet	PS	18.11.2014

### Fråsegn om konsesjonsplikt knytt til Sollielva kraftverk

#### Vedlegg:

Høyring av melding om Sollielva kraftverk i Masfjorden kommune. NVEs referanse 201303304-6  
201303304-6Høyring av melding om Sollielva kraftverk i Masfjorden kommune med vedlegg

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune meiner at det ikkje er naudsynt med konsesjonsplikt for Sollielva kraftverk.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn og fakta:

Det vert vist til brev frå NVE dagsett 27.06.2014, som gjeld søknad frå Odelskraft AS om førehandsvurdering om konsesjonsplikt for bygging av kraftstasjon i Sollielva ved Eikemo. Det vert og vist til endringsbrev oversendt frå NVE den 13.10.2014.

I brevet av 26.06 ber NVE om at kommunen vurderer tiltaket informerer om kjende allmenne interesser vert råka av tiltaket, og om eventuelle andre faktiske tilhøve som kan vere avgjerande for gjennomføringa. Eksempel på allmenne interesser skriv NVE kan vere: friluftsliv, kulturminne, verdfulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Som faktiske tilhøve av interesse kan ein nemne informasjon om planstatus, eksisterande vassuttak, etc. Vidare ber ein høyringspartane vurdere kunnskapsgrunnlaget i høve naturmangfaldslova sin § 8.


Nedunder er justert kart som byggjer på rapport 12/2011 om »Sollielva Kraftverk i Masfjorden kommune - Verknader på biologisk mangfald» vist. Her ser ein det planlagde bekkeinntaket i med rørgate ned til planlagd kraftstasjon på flata nedanfor tunet på Eikemo. Det justerte kartet viser elveinntaket litt høgare oppe i vassdraget enn opphavelag tenkt.

I denne rapporten går det fram følgjande om utbyggingsplanane:

Tiltakshavarane har lagt fram planar for utbygging av elva, der inntaket er planlagd plassert omlag på kote 420 og kraftstasjonen på kote 75 moh. Driftsvatnet skal leiast til stasjonen via nedgravne røyr. Rørygata vil få ei lengde på omlag 1800 meter og ein diameter på 600 mm. Kraftverket vil verta liggjande i dagen med ein kort avlaupskanal attende til elva. Nedbørsområdet for dette prosjektet er

rekna til omlag 1,83 km<sup>2</sup> og årleg middelavrenning til 269 l/s. Alminneleg lågvassføring er opplyst å vere 32 l/s og at elva ikkje er årssikker. Tiltakshavar foreslår ei minstevassføring på 16 l/s. Sjølv kraftverksbygget vil få eit areal på omlag 24 m<sup>2</sup>, og vil verta utført i samsvar med lokal byggetradisjon. Årleg middelproduksjon er utrekna til ca 4,55 GWh.

For nettilknytning har ein planlagd å føra ein luftspenn frå kraftverket til påkoplingspunkt omlag 160 meter frå stasjonsområdet. For å koma til inntaket vil ein byggja traktorveg via den fråflytta garden Stallane. Kartet nedunder viser den planlagde utbygginga med traktorveg, kraftstasjon, bekkeinntak og røytrase.



Det er ikkje registrert raudlisteartar i influensområdet til utbygginga, og det er heller ikkje registrert nokon prioriterte naturtypar i nærområdet. Det er kartlagt spettartar som er raudlista i nærområdet vest for elva, men utanfor det som vert rekna som influensområdet.

Det går ein sti opp til det eldre fråflytta bruket Stallane og til Eikemosetra, og det lokale idrettslaget har turpostar i nærområdet. Ein del brukar stien opp frå Eikemo for å koma til fjellområda sør for Yndesdalsvatnet.

Omfanget og konsekvensen av ei eventuell utbygging vert difor rekna som lite negativt.

#### Uttale:

Fylkesmannen i Hordaland har i brev av 31.10.2014 skrive at dei meiner at saka bør handsamast som

ei konsesjonssak. Dei skriv mellom anna som konklusjon:

«Fylkesmannen meiner at denne saka bør handsamast som ei konsesjonssak då naturinngrepet vil bli omfattande og prege fjellet og turområdet permanent. Dette er eit område med mykje påtrykk av allereie etablerte kraftverk og nye søknader til handsaming. I naturmangfaldlova §10 står det at ein påverknad av eit økosystem skal vurderast ut ifrå den samla belastninga som økosystemet er eller vil bli utsatt for. Fylkesmannen meiner at dette er eit serdeles viktig argument i denne saka, og rådar til at handsaminga blir utsatt til ein seinare dato kor den vil bli evaluert i saman med dei 12 konsesjonssøknadene i «småkraftpakken» NVE skal ha ut på høyring i 2015.»

### **Vurdering**

Det resterande influensområdet ligg som LNF område i kommuneplanen. Kommunen er ikkje kjent med at det er spesielle friluftinteresser i området som vil verta råka av utbygginga. Ein er og samd med at utbygginga i liten grad vil påverka biologisk mangfald eller andre miljøinteresser.

Ei regulering i vassdraget vil etter ei fagleg vurdering i liten grad påverka friluftslivet, sidan stien i stor grad ligg i god avstand til sjølve elva. Traktorvegen vil sjølvstundt endre ein del av karakteren til området, men vil og medføra at området vert meir tilgjengeleg i periodar når stien er vanskeleg å nytta.

Legging av røyrgate vil sjølvstundt og medføra landskapsinngrep i terrenget. Fylkesmannen har ei prinsipiell vurdering som går på å krevje konsesjonssøknad, og viser til at det vil koma mange fleire vassdrag frå NVE til vurdering i 2015. Administrasjonen meiner at ein i dokumenta som ligg ved har tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til å vurdere saka, og at behovet for å krevja konsesjonssøknad i mindre grad er til stades. Ein vektlegg her at rapporten som er laga gjev eit godt bilete av den faktiske situasjonen, og over kva konsekvensar ei utbygging vil gje.

### **Konklusjon**

Administrasjonen meiner at tiltaket ikkje treng handsamast som eigen konsesjonssøknad, då tiltaket er avgrensa i storleik, påverkar få miljøinteresser, og fordi influensområdet som vert påverka har avgrensa verdi for friluftslivet. Det vert vektlagt at elva i stor grad går i eit bratt gjel og at ei regulering i liten grad vil påverka områda rundt, eller redusere kvaliteten på landskapsopplevinga for folk som nyttar området. Om NVE skulle koma til ein annan konklusjon må det takast til etterretning, og eigen søknad vil koma attende til kommunen til ny fråsegn.

## **Formannskapet - 114/2014**

### **FS - behandling:**

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

**Bjørn Egil Nordland , A**, sa seg ugild i saka.

### **Røysting:**

Det vart samrøystes vedteke at Bjørn Egil Nordland var ugild i saka.

Saka vart drøfta.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

**FS - vedtak:**

**Masfjorden kommune meiner at det ikkje er naudsynt med konsesjonsplikt for Sollielva kraftverk.**